



Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2233 - 17/21616

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
26.07.2017

## Løyve til etablering av fettutskiljar - gbnr 188/357 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr:

#### Tiltakshavar:

**Ansvarleg søkjar:** Lindås Rør & Sanitær AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av fettutskiljar knytt til drifta av Mama Rosa Pizzeria.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid og naudsynte røyr knytt til anlegget. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.07.2017.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Knarvik sendtrum plan-id 1263-200603 er definert som bustad og forretning .

#### Nabovarsel

*«Varsel etter § 21-3 første ledd kan unnlates når arbeidet ikkje, eller i liten grad, berører interessene til naboer og gjenboere.»*

Fettutskiljer er vist på innsendte situasjonskart og skal plasserast på område som vert nytta til parkering for næringslokale i første etasje. Sjølve nedgravinga av fettuskiljer er eit tidsbegrensa arbeid som både utgjør lite areal og tidsbruk. Samstundes vil det medføre at arealet i denne perioden ikkje kan nyttast til parkering for kunder og/eller ansatte.

Administrasjonen vurderer det slik at det i området er god parkeringsdekning slik at ein kan nytta desse i den begrensa tiden parkeringsarealet er stengt for trafikk.

Vi finn difor å kunne frita frå nabovarsling, men samstundes anmoder vi at De har dialog med leigetakar av næringslokalet i første etasje slik at parkering kan avklarast på ei tilfredstillande måte, og at det ikkje inneberer ulemper for det aktuelle næringslokalet.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.07.2017.

Tiltakshaver leig lokalet og det er difor naudsynt med erklæring av eigar av gbnr 188/357 for etablering av fettutskiljer på tomta. Privatrettsleg avtale er sendt inn i samband med søknad om løyve til tiltak.

#### Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vass- og avløpsanlegg.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Det er søkt om og gjeve løyve til å kople fettutskiljer til kommunalt leidningsnett i vedtak 16/27-16/21029 datert 11.08.2016. Vi gjer merksem på at vilkår i vedtaket ligg til grunn også i etablering av fettutskiljar etter plan- og bygningsloven.

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak **i eitt-trinn** for oppføring av fettutskiljar på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.07.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 11.08.2016, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.

Ved søknad om ferdigattest skal det dokumenterast at:

- Godkjent ferdigmelding på tilkobling til offentleg VA anlegg
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2233**

*Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket ver utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

*Bortfall av løyve*

*Om arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.*

*Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

*Mellombels bruksløyve/Ferdigattest*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ